

Emne nr. 9

Av bonde Hans G. Støv (63 år)

Fresvik, Sogn

### Låning

Fra dei eldste tider og like fram til 30-åri har  
lauv vært eit viktig for. Låinet var retta for  
eit årvæst for og ikke som eit tilgjengefor i ør,  
men når alike år komme inn var det laiva  
meir enn vanlig.

Ett år drev ein litt låning der ein har følgende  
kjelpe til det, men låninga har minna slaktet  
perley etter siste verdenskrigen.

Låninga blei ein til end, når ein er ferdig  
med fyrtre slætten på midten av august  
og levestafar <sup>det vil si at for ca. 30 år gammel</sup> til den det mest av låninga  
for slætten tok til. All mark låg da under  
fot og var slaktet bort om våren, slætten kom  
dofor sent og då liovdet det i <sup>ungt grønt</sup> låninga fyrt.  
I notidi hulda det i lånega.

Det ein perley laiva var øre (or) og bjørk.  
Av skogen laiva ein kvart tridje eller firede  
år, denne skogen var kalla "melskog". Ein  
høgde konstruksjon av i lengstbiøgd slik at ein  
hadda passley "kjervali" og etterkvart koren  
var ferdig var han sett til turking på den  
avlagte slakane med loppene ned.

Bjørkelåinet var retta for min verdfullt, og  
den som hadde nøgdi med bjørkeskogen som låg  
lagley til hadde ein god lemmende til gorden.  
Bjørken var laiva som vanleg-5, var et år,  
denne skogen var kalla "mavskog", ein man

snøtta kliva opp i lejørki og hogga lāmne ned - eller "nava" henni som det hette, derav ordet "navskog".

Fyrste gongen kunde ei lejørk verda hoggi av en. Tre manusløgder oppå stamma alt effusjon stor ho var, og før kva gong ho var hoggi sinare jukk ho bren til å velta støre og støre.

Ei gamla lejørkene som solis var lāmna i onanssalder kunde ~~vara~~ vera rānt soda, det var ikkje skjelden ein kunde få eit tjung lām på kvar - ja enda mer.

I utmarki der det kunde gå både hest og fe ja snale med snøtta alt lāmme med undantak av arelāmefengjast, "kvistapritt", ein kvengde det oppatt i trei so høgt at kvisti ikkje nådde i det. Det var kalla "lāmheingsla".

Eit område so stort, at ein kunde lāmva ca. tri hundra kjerua, var kalla ein "lāmhogstur", og kva lāmhogstur hadde sin rānkplass. Denne rānkpllassen var minna i ein rund ring so vid som rānket skulle vera, og plasset måtte vera fast.

Det var øre på lejørkelauvet som vart "stakk" d.e. sett i t rānk eller stakk på sidan hūm = høyt på vintuføre.

Ei som hadde ask eller osp å lāmva bar ellers høgde det hūm når det var turt og la det i hus, dette lāmnet vart kalla "godlau" og vart mest bruket å storfe, ja ospelauvet vart og bruket til hestane. Dette lāmnet vart hogge inn

hausten.

Dei som hadde shandabugar og tok lauv derifra  
førde lauvet på bilen ~~med seg~~<sup>med seg</sup> heimattrommelen  
og hengde det opp til tunking på grytevis.

Jánn hadde noko dei kalla for "lauraga"- Det var  
ein stokk med orange armar, nedsitt i jordi med  
eine enden. Her var lauvet hengt lett i båman og  
når det var turt vart det lagta i råuse og hundkjørs  
etter kvart ein hengde det. Lauv som var lagge på inn-  
marki vart av bore i hus når det var turt, men  
det som var lauv i utmarki vart som regel  
sett i rauk (stakk) og hundkjørt på vinterføre.

Rauke eller lauvstakken vart sett på dei for om-  
stiane rauksplassar. Ein laga først noko "laulem"  
i botnen, so ikkje lauvet skulle grysa fast i marki,  
so laga ein kjerre for kjerre i ring - "med soli" med  
toppen inn til midten og etterkvart som ein kom  
i høgdi smalkae ein rauket av so det ender i ein  
rind koll. Til slutt festa ein toppen med 4 rauk-  
spora for å halda dei siste kjerwan på plass.  
Der det var mykje gjekking på hausten og vintern  
møtte ein kle rauket med sprake (eine) eller  
lauvstak. Eit lauvrake var vanleg på 3-4 himbr  
a. 6 gung.

Det vart også lauv på innmarki d. d. det var skog  
til det av jannast hadde ein leide ask og alm.  
Stakan vart lauv, jannast 5. kvart år - dei andre  
åri vart dei rispa. Almane vart som regel "risa  
om våren, almerisot var godt å ta til når det  
vart like om ført, ellers vart almane og rispa


om hausten.

Både kveimfolk og dei største av børn i var med på lauvskogen og ingen var sett på "skant" dei akort kveitje for karne eller dei andre, ein kvar fekk lauvva det han kunde og som regel hengde ein i" so det var gjort godt arbeid, men so heldt ein og bidlegare kuleid når ein var på lauvskogen. Lauvfalt var alltid retta i sjúg - "sjúg var eik hindra. Þum brukte "salstøkk" under lauvningi - sette ei skora for kvar kjer, andre stakk eit kniblad i lomma for kvar kjer. Æsia hadde ferdig, men du fleste hadde talet i hove

Kveimfolk og børn heldt seg alltid på marki, dei fekk lauvet endtagge når det var "markskog"

Dugna på lauvskogen var ikkje brukte, men det kunde vera slik, at dei som hadde gortla lauvskog fekk lauv byg "pi del" lyå dei som hadde nøgdi; Skogigaren hadde då å motta opp med lust om vinteren, når lauvet skulle kvigrast heim, og henta sin halvdel.

Storparten av lauvet var altsa åre- og bjørkellauv, og dette lauvet var brukkt i smalen - sær og gis. Dei fekk lauv fro gongen om dagen - ein kjer pr. 4 dyr om gongen, altsa ein halv kjer pr. dyr pr. deg alltid litt høy.

Reidskapet ein brukte til å lauvva med kallaast - snel og såg slik ut  Frame på snelen var ein nebb som var kalla "snelkroken", denne mygga ein til å dra busken til seg inn i ein "snela" lauvet i høp. Frame på snelstafke

var ein kraga til vern for handi. Dette ridderskapet var pilasq 35-36 cm. langt og høvde svært godt til sitt bruk.

Um hausten når laimel falt av vart, det jam-  
nost raka eller sosa "lausme", det var berleg  
åre- eller ospelausme som vart sanka på denne  
måten, og når vret var godt so laimel låg fint  
og fint kunde ein "fara godt." Det <sup>engra</sup> var bra  
plett bruke ein riva, men elles kunde ein  
sosa laimel med sin soppel, og det må sikkert  
vara den eldste arbeidsmåten, for sjølv om ein  
brukte riva hittu det emo "i sosa lausme"  
Laimel vart hant i sekker, og trykt det, at det  
vart godlike sekker kunde kninfolke "smutta" av  
seg sin stakk og slappa lade i han!  
Det vart so heimknytt og brukt utover lave-  
golvet eller oppå høystabbelen.

Same form for lausing er det noksavende blitt  
med i marki, desimot er det mange som myt-  
ta nedfallslaimel fra frukttagene, og for  
mange er dette ei goring som er vorti åraiss.  
Ospelauv var rettua for eit verdysett for ellers var raka-  
lauv rettua for strandfor som vart brukt og so  
under siste verdenskrigen, ja det hende at ein i  
forloysa <sup>i krigsåri</sup> raka lauv om våren og end <sup>som attfør</sup> det lengre  
heile fram.

Fresvik, Sogn i januar 1949

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	9	Fylke:
Tilleggsspørsmål nr.		Herad:
Emne:	Lauving	Bygdelag:
Oppskr. av:	Hans O. Hov, 63 år.	Gård:
(adresse):	Fresvik i Sogn.	G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Frå dei eldste tider og heilt fram til 30-åri har hauv vore eit viktig for. Lauvet var rekna for eit årvisst for og ikkje som eit hjelpefor i vår, men når slike år trefte inn vart det lauva meir enn vanleg.  
Enno driv ein litt lauving der ein har folkehjelpi til det, men lauvingi har minka strekt serleg etter siste verdenskrigen.

Lauvingi tek ein til med, når ein er ferdig med fyrste slåtten pålag midten av august. I bestefar si tid, det vil seia for ca. 150 år attende, tok ein det meste av lauvingi før slåtten tok til. All mark låg då under fefot og vart strekt beita om våren, slåtten kom difor seint og då høvde det å ta mykje av lauvingi fyrst.  
I notidi heiter det å lau(v)a.

Det ein serleg lauva var åre (or) og bjørk. Åreskogen lauva ein kvart tridje eller fjerde år, denne skogen vart kalla "snelskog". Ein hogde buskone av i bryst-høgd slik at ein hadde passeleg "kjervalei" og etter-kwart kjerven var ferdig vart han sett til turking på dei avhogne stakane med toppen ned.

Bjørkelauvet var rekna for meir verdfullt, og den som hadde nøgdi med bjørkeskog som låg lagleg til hadde ein god lunnende til garden. Bjørkene vart lauva - som vanleg - 5.kwart år, denne skogen vart kalla "navskog", ein mann motte kliva opp i bjørki og hogga lauet ned - elle r "nava" henne som det heitte, derav ordet "navskog".

Fyrste gongen kunde ei bjørk verta hoggi av ca. two mannhøgder oppå stamna alt etterso stor ho var, og for kvar gong ho vart hoggi seinare fekk ho høve til å verta større og større.

Dei gamle bjørkene som soleis var lauva i mannsaldrar kunde verta reint sværa, det var ikkje skjeldan ein kunde få eit tjug lauv på kvar, ja endå meir.

I utmarki der det kunde gå både hest og fe ja smale med motte alt lauv med undantak av årelauvet hengjast "beistafritt", ein hengde det oppatt i tre-i so høgt at beisti ikkje nådde i det. Dette vart kalla ei "lau-

heingsla".

Eit område so stort, at ein kunde lauva ca. tri hundra kjerva, vart kalla ein "lauvhogster", og kvar lauhogster hadde sin raukpllass. Denne raukplassen var mura i ein rund ring so vid som rauket skulde vera, og plasset motte vera flat.

Det var åre og bjørkelauvet som vart "stakt" d.e. sett i rauk eller stakk og sidan heimkøyrt på vinterføre.

Dei som hadde ask eller osp å lauva bar eller køyrdet heim når det var turrt og la det i hus, dette lauvet vart kalla "godlau" og vart mest brukt åt storfeet, ja ospelauvet vart og bruktil hestane. Dette lauvet vart hogge um hausten.

Dei som hadde strandateigar og tok lauv derifrå førde lauvet på båten heimatt med seg om kvelden og hengde det opp til turking på ymse vis. Sume hadde noko dei kalla for "lauraga" - det var ein stokk med mange armar, nedsett i jordi med eine enden. Her vart lauvet hengt tett i saman og når det var turrt vart det lagra i nauste og heimkøyrt etter kvart ein trengde det. Lauv som var hogge på innmarki vart og bore i hus når det var turrt, men det som var lauva i utmarki vart som regel sett i rauk (stakk) og heimkøyrt på vinterføre. Rauke eller lauvstakken vart sett på dei før omskrivne raukplassar. Ein la fyrst noko "laulem" i botnen, so ikkje lauvet skulde frysast i marki, so la ein kjerv for kjerv i ring - "med soli" med toppen inn til midten og etterkvart som ein kom i høgdi smalka ein rauket av so det enda i ein rund koll. Tilslutt feste ein toppen med 4 raukspoter for å halda dei siste kjervane på plass.

Der det var mykje gjeitegang på hausten og vinteren motte ein klæ rauket med sprake (eine) eller lauvstuv. Eit lauvrauk var vanleg på 3-4 hundra a 6 tjug.

Det vart ogso lauva på innmarki dér det var skog til det og jamnast hadde ein både ask og alm. Askane vart lauva jamnast 5.kwart år - dei andre åri vart dei rispa. Almane vart som regel "risa" om våren, almriset var godt å ta til når det vart lite om foret, elles vart almane og rispa om hausten.

Både kvinnfolk og dei største börni var med på lauvskogen og ingen vart sett på "skant" d.e. akört korkje for karane eller dei andre, ein kvar fekk lauva det han kunde og som regel "hengde ein i" sondet vart gjort godt arbeid, men so heldt ein og tidlegare kveld når ein var på lauvskogen.

Lauvtalet vart altid rekna i tjug - 6 tjug var eit hundra. Sume brukte "talstokk" under lauvingi - sette ei skora for kvar kjerv, andre stakk eit lauvblad i lomma for kvar kjerv dei hadde ferdig, men dei fleste hadde talet i høve.

Kvinnfolk og born heldt seg altid på marki, dei fekk lauvet nedhogge når det var "navskog". Dugna på lauvskogen vart ikkje brukt her, men det kunde vera slik, at dei som hadde forlite lauvskog fekk lauva "på del"

hjå dei som hadde nøgdi, skogeigarane hadde då å møta opp med hest om vinteren, når lauvet skulde kyrast heim, og lenta sin halvdel.

Storparten av lauvet var altso åre- og bjørkelauv, og dette lauvet vart brukt å smalen - sau og geit. Dei fekk lauv two gonger om dagen - ein kjerv pr 4 dyr om gongen, altso ein halv kjerv pr. dyr pr. dag attåt litt høy.

Reidskapet ein brukte til å lauva med kallast snel og såg slik ut Frame på snelen var ein nebb som vart kalla "snelkroken", denne nyttar ein til å dra buskene til seg når ein "snela" lauvet i hop. Frame på sneleskaftet var ein krage til vern for handi. Dette reidskapet var pålag 35-36 cm. langt og høvde svært godt til sitt bruk.

Um hausten når lauvet fall av vart, det jamnast raka eller sopa "lausme", det var serleg åre- eller ospelausme som vart sanka på denne måten, og når veret var godt so lauvet låg turrt og fint kunde ein "fora godt". Der marki var bra slett brukte ein riva, men elles kunde ein sopa lauvet med ein soppel, og det må sikkert vera den eldste arbeidsmåten, for sjølv om ein brukar riva heiter det enno "å sopa lausme". Lauvet vart havt i sekkjer, og trefte det, at det vart forlite sekkjer kunde kvinnfolki "smetta" av seg ein stakk og stappa lauv i han!

Det vart so heimkøyrt og breidd utover låvegolvet eller oppå høystabben.

Denne form for lauving er det nokolunde slutt med i marki, derimot er det mange som nyttar nedfallslauvet frå frukthagane, og for mange er dette ei foring someir vorti årvisse.

Ospelauv var rekna for eit verdfullt for elle s var rakelauv rekna for naudfor som vart brukt ogso under siste verdenskrigen, ja det hende at ein i forløysa i krigsåri raka lauv om våren og med det som åttåtfor berga beisti fram.

Fresvik, Sogn i januar 1949.

--- o o ---